

Kyrjeklokka

Nr 4 - 2022

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

86. årgang

INNHALD:

- Andakt
- Tankar langs vegen
- Misjonsstoff
- Nattkafé
- Salmekveld i Oppstryn
- Nordsida kyrkje i «eksil»
- Altertavla i Oppstryn
- Frå Hornindal sokn
- Konfirmant-jubileum
- Konfirmantfestival
- Kreativ konfirmant
- Konfirmantar i Hornindal 2022
- Påfyll
- Tur til Cape Town
- Barnesider
- Frå kyrkjeverja
- Under open himmel
- Frå kyrkjebøkene
- Gudstenestelista
- Helsing frå prosten



Sei noko om Jesus!

*Juleandakt frå biskop
Halvor Nordhaug*

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkje-blada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutseleg ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og



landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Kyrjeklokka

Les Kyrjeklokka på nettet: www.kyrjeklokka.no

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Redaktør for dette nummeret: Jarle Hesesevik

Forretningsfører, abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik Rindane 6, 6788 Olden.

Tlf 990 28 076

john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054

Bankgiro 3795 30 05108

Kontingenten er frivillig.

Vi takkar for betaling og støtte.

Framsdebilde frå «Jesus-kyrkja»

av Jarle Hessevick



På ei vandring i den gamle bydelen i Nice kom eg til ei litt bortgøymd barokk-kyrkje frå 16-hundretalet. Ved inngangen vart vi møtte med desse orda: ***Bienvenue en église Saint-Jacques-le-Majeur - dite le Jésus.*** Og på plakaten står det: Denne kyrkja er Guds hus, ein stad for stillheit og tilbeding.

Gata som fører dit heiter Rue de Jésus, torget framfor kyrkja heiter Place de Jésus og restauranten ved plassen heier Restaurant du Jésus. Jesusgata, Jesusplassen og Jesusrestauranten - og inne i kyrkja var det rekjer med sidealter som hadde sterkt Jesus-fokus, med Jesu mor, erkeengelen Gabriel og ulike menneske i møte med Jesus. Det er kanskje ikkje så rart at denne St.Jakobs-kyrkja vert kalla Jesus-kyrkja («dite le Jésus»). St Jakob er læresveinen Jakob, son av Zebedeus og den eine av dei tre læresveinane som fekk vere med då Jesus vart «forklára på berget», altså ein av dei mest betrudde i flokken.

Når ein går gjennom ei slik overdådig utsmykka kyrkje i barokkstil, vert ein nesten ein passiv tilskodar.

Så - i det eine hjørnet av kyrkjerommet fører ein mørk gang meg ut i ein nokså nedsliten bakgard, men nokre bord og stolar, nokre plantar og skjoldete veggjar. Og der slår det mot meg eit stort veggmåleri som røskar meg ut av passiviteten.

Ein veggkunstnar har fått bruke bakrommet til å kople fortida og notida: Jesus med sprayboksen.

Gatekunstnarar har ofte ein klar bodskap, - noko viktig skal seiast, noko som skal vekkje, provosere, motivere eller utfordre.

I (S)PRAY FOR YOU

At nokon ber for oss, er fint. Men - kva ville Jesus ha «spraya» som sin viktigaste bodskap? Kva eg trur om det, er lite relevant, men det slo meg at det kanskje vart dette korte: ***Eg er vegen sanninga og livet!***

Det var difor eg tenkte at dette kunne bli eit godt framsdebilete for Kyrkjelokka....



I dette nummeret ligg det ved ein giro for bladpengar

Bladpengane for Kyrkjelokka er ingen fast sum og betalinga er frivillig.

Støtt bladet som kjem ut til alle heimane 4 gonger i året

Støtt bladet som har oppbyggeleg stoff for både vaksne og born

Støtt bladet som presenterer folk og hendingar i kyrkjelydane våre

Støtt bladet som har informasjon frå kyrkjekontoret og dei tilsette

Send bladpengar eller gje di gåve til:

Bankkonto **0538 18 51054** eller VIPPS nr **583131**

Takk for bidraget!

Nordsida kyrkje i «eksil» av Gunnhild Bergset

Som Kyrkjelokka tidlegare har skrive om, vart Nordsida kyrkje ramma av oversvømmelse i påska. Skadane var såpass omfattande at kyrkja måtte stengast under deler av reparasjonsarbeidet. I mellomtida har vi hatt gudstenester på ulike stader, - dei fleste under open himmel. Men i haust har det vore fare for oversvømmelse også i naturkatedralen, så då har vi teke i bruk andre lokale. Dei to siste gudstenestene har vi hatt på Nordfjord fritidssenter, begge med godt frammøte. Under hausttakkegudstenesta var det stappande fullt hus, over 70 menneske.



I denne flokken finn vi fire 31-modellar samla rundt eit kyrkjekaffi-bord på Nordfjord fritidssenter. Frå v: Bjørg Bergset, 91, Bergljot Nyberg Sølvberg, 91, sokneprest Hege Høiby, Bodvar Sølvberg og Johanna Myklebust, Agnete Bergset, 91, Alv Bergset, 91
(Foto: Ottar Ulvedal)

Vi er glade for at folk finn fram til gudstenestene sjølv om vi har måtta vere i «eksil» dette halvåret. Det blir no arbeidd for fullt med reparasjonsarbeid i kyrkja, og frå november kan sjølve kyrkjerommet og sidesalen igjen brukast til kyrkjelege handlingar. Vi er glade for å kunne samlast i kyrkja vår igjen for å feire jul etter to år med restriksjonar. Og så gleder vi oss til å ta i bruk heile kyrkjebygningen når dei flinke arbeidsfolka er ferdige med arbeidet ut på nyåret ein gong. I desember 2023 er det 50-årsjubileum for Nordsida kyrkje og då skal kyrkja vere i god stand igjen.



Fullt hus på hausttakkegudsteneste, der også Nordsida barnegospel deltok
(Foto: Aslaug Håøy Nugård)

Nytt reiskapsskjul i Olden

Stormen Dagmar velta og flytta det gamle reiskapsskjulet i Olden. Det vart provisorisk sett opp igjen i på-

vente av eit betre. No i haust gjekk draumen i oppfyl-
ling. Då vart det grave opp plass til nytt fundament. Og
eit nytt reiskapsskjul kom på plass.

Paul har også spesialisert seg på 200 m hekk.

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo



Kyrkjevevja

Minnelunden på Oppstryn gravplass

Utover hausten har ein kunne følge med på korleis den lenge planlagde minnelunden i Oppstryn har teke form. For dei som har vore med i planlegginga frå starten, er det fint å sjå at denne nyvinninga blir realisert i stor grad slik det var planlagt frå starten. Urnefeltet omkransar den skiferlagde plassen der monumentet er plassert i midten, ein låg gråsteinsmur avgrensar minnelunden mot vatnet, og det blir hekk på dei tre andre sidene. Om sommaren blir det plassert benkar rundt monumentet, det blir planta blomster og tilrettelagt for å sette ned lys og friske blomster.

Anleggsgartnar Sandal har hatt oppdraget, og gjort ein god jobb med terrenget og steinarbeidet. Framleis gjenstår tilsåing og planting av hekk, dette blir utført til våren. Den første namna minnelunden i kommunen vil då vere klar til bruk i løpet av våren 2023.



Vedlikehaldstiltak som er sett i gang

Rehabilitering av Nordsida kyrkje etter lekkasjeskaden har teke lang tid, men det vore lagt vekt på å finne gode og framtidssrette løysingar for dei utbetringane som må gjerast.

Det største prosjektet er rehabiliteringsarbeid på Olden gamle kyrkje som har kome godt i gong utover hausten, og held fram når verste vinteren er omme.

Utvik kyrkje har fått ei utandørs oppgradering med nyrehabiliterte vindaugslister og ytterdør som er tilrettelagt for universell utforming.

Det vert investert i automatisk brannvarsling i dei fire kyrkjene som hittil ikkje har hatt det: Loen, Utvik, Randabygd og Nordsida.

Kari Synnøve Muri

Kyrkja i indre Nordfjord



Stryn kyrjekontor

Tlf 57 87 61 80

Postadresse: og besøksadresse:

Rognehaugen 11, 6783 Stryn

kyrkja@stryn.kommune.no

www.stryn.kyrkja.no

Kontortid: måndag, onsdag, torsdag og fredag
kl 09.00 - 15.00, tysdag kl 10.00 - 15.00

Kyrkjevevje Kari Synnøve Muri. tlf 913 27 882

kari.muri@stryn.kommune.no

Sekretær Margrete Lillestøl

Sekretær Anne L. Honningsvåg

Prestane

For Oppstryn, Loen og Nedstryn

Sokneprest Henny Koppen, tlf 916 01 630

henny.koppen@stryn.kommune.no

For Randabygd og Nordsida

Sokneprest Hege Høibye, tlf 413 75 495

hege.hoibye@stryn.kommune.no

For Utvik

Vikarprest Beate Nes, tlf. 986 54 244

beate.nes@stryn.kommune.no

For Innvik og Olden

Vikarprest Kaare Michael Christoffersen,

tlf. 404 73 335 - kaare.michael.christoffersen@stryn.kommune.no

Trusopplæringa

Kateket Beate Nes, tlf. 986 54 244

beate.nes@stryn.kommune.no

Volda kyrjekontor

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

www.volda.kyrkja.no

Kontortid: Må, ty, to og fre kl. 10.00 –14.00
onsd kl 10:30– 14:00

Kyrkjevevje Jostein Stråbø, tlf 916 63 549

kyrkjevevja@volda.kyrkja.no

Hornindal sokn

Per Kristian Hovden Sætre, tlf 957 69 292

per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no

Konfirmant-jubileum i Nedstryn v. Anders Aarnes

Helga 15-16. oktober vart ei kjekk helg for oss konfirmantane frå 1972 kullet i Nedstryn.

Vi var 11 som møtte opp av opprinneleg 31 konfirmantar. Dei frammøtte var ca likt delt mellom tilreisande og lokalt busette. Etter at invitasjonen frå soknerådet kom, vart det også teke initiativ til ei uformell samling laurdagskvelden. Denne hadde vi på «Lodgen» i Stryn sentrum. Særskjelt å treffe igjen skulevenner som vi ikkje hadde møtte på fleire tiår. Vi fekk utveksla informasjon om både oss frammøtte og også dei som ikkje var til stades. Vi var alle einige om at Stryn både då og no er ein god plass «å vere frå» - fint å bu for dei som gjer det, og fint å kome heim til for dei som ikkje bur her. All takk til soknerådet som årleg inviterer til jubileumssamlingar og til Sjømannsforeininga som arrangerte kyrkjekaffi i Betania etter gudstenesta.



Bak f.v.: Anders Aarnes, Per Eikenes, Nils Helge Karstad og Klemet Bø.
Midtrekkja: Gunnhild Kjøsnes, Trine Vik Nygård, Elfrid Gjørven og Karoline Eikenes Nielsen
Framme: Bjørg Else Nesdal Målsnes og Sidsel Sunde-Tveit

Hausttakkegudsteneste med utdeling av 4-årsbok



Stolte 4-åringar med ny bok

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Gudsteneste med mykje innhald

2. oktober var det hausttakkegudsteneste i Olden. Markens grøde var rikeleg representert med eit mangfald av frukter i kort-rappa.

Eit viktig innslag var sjølvsaft 4-åringane. Beate Nes fortalde kor viktig det var at dei fekk 4-årsboka, og at foreldra las for dei frå denne boka.

Eit anna viktig moment i gudstenesta var dei inviter-te konfirmantjubilantane.



Tankar langs vegen ...



Tankar langs vegen

- ved Henny Koppen

Fredstankar

Når eg går ned til kontoret om morgonen er det ro og fred i hovudet mitt. Eg likar at det er mørkt, det kan godt blåse litt, og nokre regndropar mot ansiktet gjer berre godt. Viss det ikkje tilfeldigvis er «rusetid» er det fredeleg å gå der langs vegen. Tanken på auka beredskap, krig og klimakrise er langt borte. Men når eg møter folk – då er det dette vi snakkar om. Ikkje berre dette, men ein eller annan gong i løpet av samtalen dukkar uroa opp. Og så kjem vi ingen veg, berre ristar på hovudet og konkluderer med at verda har gått av hengslene og at Putin har gått langt over streken. For kva skal vi gjere?

«**Du må ikke sove**» skreiv Arnulf Øverland i 1937, då trugsmåla frå Hitler låg og ulma. «*Du må ikke tåle så inderlig vel, den urett som ikke rammer deg selv*». Nei, vi skal ikkje skubbe frå oss realitetane, og det gjer vi ikkje heller. Vi gir pengar til Ukraina, vi tek imot flyktningar og prøvar å hjelpe dei til trygge liv hos oss, vi sparar på straumen og et opp maten vår. Men likevel blir det for stort for oss dette.

Eg har nettopp høyrte eit foredrag av Marco Elsa-fadi, mannen som var fødd i ein flyktningleir og levde som flyktning i 12 år før han kom til Norge, - og som no reiser land og strand for å lære oss korleis vi kan skape trivsel, arbeidsglede og gode relasjonar. Det eg hovudsakleg sit att med etter foredraget er dette: Det eg tenkjer mykje på, får eg meir av oppe i hovudet mitt. Og no er det ikkje tvil om eg og mange andre tenkjer mykje på det som er vondt og vanskeleg. Kan vi snu på dette?

Kan vi snakke om det som er godt rundt oss, - for det er mykje! Kan vi gjere noko for nokon som treng oss, og kjenne på at vi faktisk spelar ei rolle her i verda? Kan vi bake ei kake, by på ein kaffi, ta ein tur med barnebarna, bli med på «søndagsskule for vaksne» -

rett og slett snakke om noko anna? Visst kan vi det! Vi endrar ikkje verdssituasjonen, men vi blir kanskje litt mindre redde, får litt meir overskot?

Så sluttar vi aldri å trøste oss til at Gud finst der ute og heilt nær oss. Og han vil vi be til, om hjelp for oss sjølve og om hjelp for verda. Kanskje vi skulle gjere bønna under til vår faste morgonbøn? I det minste den kortversjonen: «*Gi statsleiarane i verda vilje og visdom til å fremje rettferd og fred*». Alt dette som vi ikkje får til å gjere noko med, lat oss snakke med Gud om det, legg det frå oss hos han.

"Allmektige, evige Gud, du som kan leia og bøya menneskehjarte, vi bed deg: Hjelp og styrk alle dei som i dag har det store ansvaret for fredssaka i verda. Ta i di mektige hand leiarane i nasjonane, vend hjarta deira til deg og gjev dei kraft i striden mot alt som vil forføre oss til det som vondt er.

Gjev fred på jorda, og hjelp di kyrkje til å fremja freden mellom folka. Vern vårt folk og våre heimar mot krig og splid, og lat oss byggja og bu i fridom og fred i dette kjære fedrelandet vårt som du har gjeve oss. Hjelp oss å tena deg med truskap og saman med alle folk på jorda å stå faste i striden mot det vonde, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Heilage Ande lever og råder, éin sann Gud frå æve og til æve."

Jer 29,11: For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, tankar til fred og ikkje til ulukke. Eg vil gje dykk framtid og von.



Syng med oss i Oppstryn kyrkje

Tekst og foto:

Beate Glomnes

Søndag 2. oktober kl. 20.00 inviterte vi til «Syng med oss» i Oppstryn kyrkje.

På programmet stod det salmar av Trygve Bjerkrheim og Lina Sandell.

Ute regna det og mørket seig på, så det var fint å kome inn i ei varm og opplyst kyrkje. Rundt 35 personar fann vegen hit denne kvelden.

Det var sett i hop eit eige «husorkester» for anledninga: Anders Viktor Kvile på piano, Kaare Michael Christoffersen (prest i Olden/Vikane) på bass og Linda Gytri på trekkspel.

Klokkar Bertha Urke Berge ønskte alle velkomne. Ho og Henny Koppen bytte på å introdusere dei forskjellige salmane, og fortalde om liva til Trygve Bjerkrheim og Lina Sandell undervegs.

Trygve Bjerkrheim (1904-2001) har skrive omtrent 15000 dikt og songar som finnast i nær alle song- og salmebøker i Noreg. Vi song bl.a. salme 355 *Han tek ikkje glansen av livet* og salme 631 *Det er makt i de foldede hender*.

Lina Sandell (1832-1903) var diktar, teolog, forfattar og salmeforfattar. Ho skreiv over 1700 dikt. Vi song bl.a.



salme 376: *Jag kan icke räkna dem alla*, salme, nr 488: *Ingen er så trygg i fare* og salme 489 *Blott en dag*.

Vi var så heldige at konfirmanten Vegard Guddal spelte stykket «Ludvik» av Anita Skorgan for oss.

Til avslutning spelte «husorkesteret» ein melodi komponert av Linda Gytri – Svarvesol. Det var mest så ein fekk lyst til å danse litt.

Før vi gjekk heim serverte Kari Berge kyrkjekaffi med god kveitekringle til. Eg trur alle synest dette var ein triveleg kveld, og det var kjende songar for dei fleste.



Frå Hornindal sokn

Soknerådsarbeid er kjekt

Hausten 2023 er det nytt soknerådsvæl

Kva gjer eigentleg soknerådet ?

Soknerådet leiar verksemda i soknerådet. Som medlem har ein stor påverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i soknet. Soknerådsarbeid spenner over tema som miljø og rettferdigheit, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, diakoni, samt jus- og økonomiforvaltning.

Soknerådet er samansett av sokneprest og 4 -10 medlemmar (varierer ut frå storleiken på soknet). Som medlem møter du til soknerådsmøte ca. 8-10 gongar pr. år. Du er med og bestemmer aktiviteten i soknet, deltar som kyrkjevert på gudstenester (ikkje krav, men ynskje), deltar i aktivitetar elles t.d. på kyrkjelydsstova og andre stader der det er naturleg. Det er ikkje mykje arbeid å sitje i eit sokneråd og også lite eller inga kakebaking.

Du bør stille til val i soknerådet fordi du får:

- nye relasjonar og samarbeid i nærmiljøet,
- jobbe med og for andre
- sørgje for eit trygt og godt fritidstilbod til barn og unge
- vere med å formidle kristen tru og legge til rette for at kyrkja vert ein viktig kulturarena som er open for alle.



I Norges grunnlov § 2 står det «*Verdigrunnlaget forblir vår kristne og humanistiske arv. Denne Grunnlov skal sikre demokratiet, rettsstaten og menneskerettighetene.*»

For å stille til soknerådsvæl må du vere medlem av Den Norske kyrkja. Utover det kan kven som helst sitje i soknerådet, uavhengig av utdanning / yrkesstatus. Du treng heller ikkje vere personleg kristen, men fint om du har ei positiv innstilling til den kristne tru og at ein såleis saman kan forvalte verdigrunnlaget i Norges grunnlov til beste for framtidige slekter.

Ei undersøking gjort blant medlemmar i sokneråd landet over, viser at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meningsfylt å vere med, der vervet er meir, eller like tilfredsstillande som dei hadde forventa.

Så meld deg og fortel eksisterande sokneråd at dette vil eg vere med på !!!

Elsa Aslaug Ommedal (tidlegare soknerådsmedlem)

Gjevarteneste.

For fleire år sidan gjekk Hornindal sokneråd ut og oppfordra til fast gjevarteneste i kyrkjelyden. Vi fekk bra respons på det, men ser no at det av naturlege årsaker blir færre og færre som er med i fast gjevarteneste.

Kvifor gjevarteneste?

Soknerådet, som skal forvalte økonomien i soknet, er avhengig av fast tilskot, i tillegg til offer til kyrkjelydsarbeidet av og til. Soknerådet, saman med kyrkjeringane og Sanitetslaget i Hornindal arbeider no med ny kyrkjelydstove på Grobygget, der soknerådet står økonomisk ansvarleg. Vi treng derfor midlar til dette, alt frå golv til tak, inventar osv. og samstundes pengar

til drift, som løpande utgifter til straum, forsikring, fellesutgifter i Grobygget. I tillegg skal soknerådet ha midlar til barne- og ungdomsarbeid, diakoni og andre aktivitetar i soknet. Offer av og til dekkjer ikkje alle utgifter.

Vil du vere med på fast gjevarteneste ?

Ta kontakt med banken din og avtal fast trekk til konto 3705.13.61556.

Gåve med skattefrådrag

Viss du ynskjer skattefrådrag (minimum er kr 500 pr år), så meld frå til økonomiansvarleg for Hornindal sokneråd Elsa Aslaug Ommedal, tlf. 917 44 350 eller på E-post: elsa.ommedal@yahoo.no

Takk for di støtte !



Ein ny generasjon

Leiarane i arbeidet NMS er med på i Mali er første-generasjons kristne med muslimsk bakgrunn. For mange av dei inneber det å leva i spenning mellom gammalt og nytt, mellom tradisjon og oppbrudd. Mamoudou, ein av dei første kristne, samanliknar av og til den første generasjonen kristne fulaniar med israels-folket som gjekk ut frå Egypt. Dei er satt fri, men opplever at vandringa mot det lova land er slitsam. Håpet og bønna til Mamoudou og andre førstegenerasjons-kristne er at det skal vera annleis for borna deira. Ei av dei viktigaste oppgåvene for misjonen er å hjelpa og støtta desse. Salomon frå Nigeria er den misjonæren som har jobba mest med ungdommar og unge vaksne. Her fortel han litt frå ungdomsarbeidet:

Kan du skildra ungdomsarbeidet du har drive dei siste åra?

– Ungdomsarbeidet har to hovudkomponentar: åndelig sjølvstende og økonomisk sjølvstende. Den åndelige sjølvstenda handlar om å hjelpa dei unge til å forstå livets løyndommar gjennom å studera Guds ord og bli lydige læresveinar. Den økonomiske sjølvstenda handlar om å hjelpa dei unge til å oppdaga talenta sine, og til å bli entreprenørar, slik at dei kan hjelpa både seg sjølve og andre. Me møtes ein gang i veka for bibelundervisning og bøn. Då har ungdommane med 100 franc (om lag ei krone og 50 øre) som går inn i ein felleskasse. Sjølve gjev eg 2000 franc (om lag 25 norske kroner). Ungdommane får låna pengar frå kassen til å starta ein økonomisk aktivitet. Dei betaler tilbake lånet i tillegg til 10 prosent av overskotet sitt. Det gjer at kassen vår stadig veks. I dag består kassen av to millionar franc – om lag 30 000 norske kroner.



Frode Brügger Sæthre

Misjonær, Mali

– De bur og jobbar i Sevre. Jobbar de også med unge frå Douentza og Bamako?

– Dei unge frå Douentza og Bamako høyrde vitnesbyrda frå dei unge i Sevre om arbeidet og vart inspirerte av det. Me snakka saman under ein årleg ungdomskonferansane. I etterkant av konferansen ønskja også dei å starta slike grupper. Eg følgjer dei opp digitalt via WhatsApp og Zoom

– Kva har vore den største utfordringa i ungdomsarbeidet?

– Det var ei utfordring å skapa tillit og einskap og felles forståing mellom ungdommane. Det har også vore utfordringar i forholdet til nokre av ungdommanes familiar, som ei tid reagerte negativt på det nye som haldt på å veksa fram. Eg måtte prata med nokre av desse familiane, og no er dei meir positive.

– Kva har vore den største gleda i ungdomsarbeidet?

– At ungdommane har tileigna seg misjonens visjon om å gjera læresveinar, og å bruka våre talent til å hjelpa andre. Ingen treng lenger å fortelja dei unge kva dei skal gjera. I ungdomsgruppene har det oppstått evangeliserande initiativ retta mot venar, fangar i fengsel og andre. Gruppene har laga eigne handlingsplanar for aktivitetar som inkluderer besøk i fengsel, besøka sjuke, med meir. Ungdommane tar også aktivt del i å leia sundagsgudstenestene. Det gjev håp for framtida å sjå dei unge veksa i leiaroppgåver, kjærleik, einskap og likeverd.

Altertavla i Oppstryn kyrkje

tekst og foto Olaug Mork

gjekk til Getsemanehagen. Getsemane var ein oliven-trehage og eit grøntområde i Jerusalem ved foten av Oljeberget, og er kjend frå Jesu lidingshistorie.

Jesus ber Far sin tre gonger om å finne ein annan måte å frelse verda på, så han kunne sleppe å lide og døy på korset. I bønne føya han til: «skje ikkje min vilje, men din». Disiplane, som var venene hans, klarte ikkje vake saman med han som han ynskde, så dei sovna.

Ser Jesus roleg ut på måleriet? Røynda var brutal, for han bad med høge skrik og tårer for livet sitt. Han vart teken av så sterk fortviling og dødsangst at han sveitta blod.

I bønene ba han Far sin om å ta begeret vekk. Beget er symbolet på at det inneheld menneska sine syn-der, som for Jesus var at det var fylt av lidning. Og den store kampen Jesus kjempar i møte med dette beget, fortel om ei djup smerte som låg framfor han. Han bad om å klare å halde ut lidinga, få krefter og mot.

Engelen viser at Jesus kunne be sin Far sende tusenvis av englar for å redde seg, men gjorde det ikkje. Men Han sender ein engel for å styrkje Jesus. (Store norske leksikon, [jesusnett, bibel.no](http://jesusnett.bibel.no), bibelsk-tro.no og noreapastoren.com,).

Ramma på altertavla med spir, søyler, gavlar og tak symboliserer at dette er eit Gudshus i gudshuset.

Kyrkja vart oppattmåla til hundreårsjubiléet i 1963. Fargane, 10-12 ulike, som tek utgangspunkt i altertavla, vart markert på ulike stadar, stolar, fyllingar og utsmykking. Dei som måla måtte sjølvje blande fargane etter kvart som dei trong måling (*Heftet Oppstryn kyrkje 150 år 1963-2013, og Fylkesarkivet i Vestland*)



Kyrkja som i dag står på Fosnes var ferdig og vigsla hausten 1863.

Altertavla som står i kyrkja kom på plass i 1910, måla av Ferdinand Kjerulf Tranaas og motivet er «Jesus i Getsemane».

Ferdinand Kjerulf Tranaas (1877-1932) vaks opp i Førde, og budde mesteparten av livet sitt i Stryn. Han vart som ung rekna som ein lovande målar (Store norske leksikon).

Historia frå Matteus 26, 36-45 fortel at Jesus og disiplane etter nattverden seint om kvelden skjærtorsdag



Foto: Silje Frøysa

«Siste-liten-notis»:

Torsdag 10.11. hadde barnekora i Olden og Stryn ein felles konsert for foreldre og interesserte i Betania.

Det vart ei fin stund, med strålende born, kraftfull song og fornøgd foreldre.

Ein fulani blant fulanier

I Mali har det blitt for farleg. Men har Gud opna eit vindauge i Guinea?

Dei siste åra har Frode Brügger Sætre vore einaste norske misjonær som har budd fast i Mali. Arbeidet har i hovudtrekk gått ut på å gje bibelundervisning til både grupper og enkeltpersonar. Fleire fulanier har blitt kristne. Også Frode fekk eit lenger opphald i Norge grunna koronapandemien. Samstundes har sikkerheitssituasjonen i Mali gått frå vondt til verre. Nå er det vanskeleg for ein kvit nordmann å reise rundt og vitje fulanier. Men kanskje kan nett i denne situasjonen vekse fram noko fint?

TRYGGARE I GUINEA

Frode sit på myggnettverandaen og nyt den svale morgonlufta medan vi snakkar med han via WhatsApp på mobilen. Varmetida er i gang. Sidan januar har han vore i Guinea, nabolandet til Mali. For tida bur han på eit amerikansk misjonsgjestehus.

-Bakgrunnen for at vi no er i Guinea er den vanskelege sikkerheitssituasjonen i Mali, fortel Frode. Grupper av militante muslimar oppheld seg av og til rett utafor Bamako, og vi veit at dei har spurt seg for etter vestleg personar. Sidan eg både er vestleg og har opphalde meg mykje i fulani-miljøet rundt Bamako, er det vanskeleg for meg å fortsette å arbeide slik eg har gjort tidlegare. Men du må få med at arbeidet i Mali fortset som før, med misjonærar frå Benin, Nigeria og Kamerun, og med nasjonale tilsette og frivillige.

I Guinea er den tryggleikssituasjonen heilt annleis. Og det er kort veg over grensa til Mali. Frode fortel at beste fulanivenen lenge har hatt kyrne sine i Guinea. Også Frode sine eigne kyr er her.

HÅPAR PÅ GJESTER

-Min ven, som vi nå kan kalle «Amadou», har også opplevd å bli trua fordi han er blitt kristen. Vi har ein felles ven som dessverre har blitt radikal muslim. Amadou seie at han ikkje søv like godt om natta lengre. Nå er vi i Guinea saman for å sjå om vi kan finne ein stad der vi kan etablere oss med hans familie og dyra våre. Vi vonar å finne ein «vert» som kan låne oss ei stor tomt, der vi kan bygge

gjestehytter og der Amadou og familien kan livnære seg av å selje mjølk. Så håper og trur vi at kristne fulanier vil kome til oss for å få undervisning og kristent fellesskap i kortare eller lengre periodar.

VENSKAP

Venskapet mellom Amadou og Frode er unikt. Korleis vart Frode knyta tett saman med ein fulanfamilie?

Frode fortel at han vart kjend med Amadou gjennom ein misjonær frå Kamerun. Amadou hadde aldri møtt nokon kristne som snakka fulani før han møtte misjonærer frå MELM. Og då han blei med på eit fulanistemne, fekk han møte kristne fulanier. Så blei Amadou køyrt ned av ein minibuss. Han var uoppmerksom fordi han heldt på med telefonen sin og brakk handa si i den ulukka. Frode køyrde Amadou til ein lokal mann som kunne dra knekte bein på plass. Der fekk han behandling eit par gonger, og ein dag på veg heim, fortalde Amadou at han hadde bestemt seg for at han ville fylje Jesu veg. Venskap og gjestfriheit er veldig sentralt i fulanikulturen. Alle gjester må ha ein vert. Når ein besøker ein fulanilandsby, må ein helst plasse-rast som gjest hos nokon. No blei Amadou Frode sin vert når han besøkte byen hans.

Etter eit norgesopphald for Frode blei rollane om-snudd. Amadou kom på besøk til Frode. Og blei der. Lenge. For ein introvert nordmann var det i utgangspunktet ikkje berre lett.

-Eg kjende godt nok til kulturen til at eg ikkje kunne spørje kor lenge han hadde tenkt å bli, seier Frode. Det ville være det same som å be han dra. Eg viste også at ein religiøs lærar gjerne har sine disiplar eller elever buande hos seg og at Amadou antakeleg hadde behov for å observere meg. Mange fulanier trur at kristne er umoralske menneske som drikk alkohol og lever sed-laust. Nå fekk Amadou sjansen til å sjå korleis eg levde.



EIN DØROPNAR

Etter kvart oppdaga Frode at det rett og slett var hyggeleg med gjesten på sofaen.

-Amadou har ein spesiell evne til å kome i kontakt med folk, fortel Frode. Han blei kjend med alle naboane mine og kom i prat med folk overalt. Han byrja å være med meg ut i fulani-landsbyar for å undervise. Året etter bytta vi rolla igjen. Då budde eg lange periodar hos Amadou og hans familie. Då han vart kristen sa han at han var ein var ein leiar i sin familie og sin veneflokk. Og at viss han blei kristen, ville fleire fylje etter. Det stemmer, og eg har hatt bibelundervisning både for barna hans og fleire av venane hans og kjente.

BØNESVAR

Dei første åra Frode var misjonær i Mali, budde han i Douentza i Nordaust Mali, kor han trakka i spora til fleire generasjonar av norske misjonærar som hadde vore der før han. I 2012 måtte misjonærane evakuerast pga. sikkerheitssituasjonen.

-Eg kjende at i den evakueringa låg det ein fridom, innrømmer Frode. Alle planane måtte leggjast til sides. Eg sa til Gud at om du opnar ei ny «dør» for meg no, så skal eg gå inn. Det som opna seg, var moglegheit for å gje bibelundervisning overraskande mange stader. Og ei «dør» inn til Amadou og hans familie, rett og slett moglegheit til å kome på innsida av ein storfamilie og eit venenettverk i fulanikulturen.

NÆRLEIK

Misjon handlar mykje om relasjon og nærleik.

-Tenk på at Gud steig ned og vart som oss. Han gjeikk inn i ein spesifikk røyndom. Det er også misjonæren sin røyndom – vi kan ikkje berre være på besøk. Eg oppleve dette veldig riktig, forklarar Frode. Som misjonær er det lett å ta rolla som den sterke, den som leiar. Amadou har vanskeleg for å hevde seg i «mi verd» Han kan til dømes ikkje lese og skrive. Men når det er eg som går inn i hans verd, er han den sterke. Når eg er med ut med kyrne våre, er det eg som er inkompetent. Det gjer noko med rollene våre at det ikkje er dei som skal kome inn i mi verd. Eg trur det er sånn vi må jobbe. Eg tenke at vis fulaniane skal ta imot Jesus, må det kome innanfrå heller enn utifrå. Derfor var det sterkt for meg å kome tilbake til Mali etter eit opphald i Norge og oppleve at Amadou har

fått tre «disiplar» som følgjer han. Vi reknar med at desse tre, saman med nokon av deira nære familie, vil vera mellom dei som kan kome og bu med oss her i Guinea.

MYKJE VENTING

Frode fortel at desse første vekene på mange måtar har vore ei prøve i tolmod.

-Eg er avhengig av å gjere ting saman med lokale kristne og saman med Amadou. Då må eg også ta omsyn til alt som skjer i deira liv, av dødsfall, fødselar, sjukdom og bortkomne dyr. I dag er til dømes Amadou på leiting etter nokre av kyrne våre som har blitt borte, for andre dag på rad. Eigentleg burde eg ikkje bli overraska over dette, eg burde vite at sånn er det. I venteperioden jobbar eg med ei bok som heiter «Rettferda sin veg», som vi held på å omsette til fulani.

IKKJE HOVUDPERSONEN

Det er ikkje mange norske misjonærar som har hatt den «misjonærrollen» Frode går inn i nå.

-Eg veit at eg ikkje kan få til det vi drøyme om å skape her aleine, og viss det skal skje, så er det ikkje eg som er hovudpersonen. Men eg trur heller ikkje at Amadou kan klare det aleine. Eg er til dømes flinkare enn Amadou til å tenke langt fram og kan bidra med det. Vi håper å lage en stad der vi kan ta imot fulanier som ynskjer undervisning, disippelgjerding og kristent fellesskap. Etter kortare eller lenger tid kan kanskje folk reise heim og etablere seg andre stader.

TRENG FORBØN

Frode er takksam for alle som vil vere med og be for vegen vidare i Guinea.

-Be om at ting må opne seg på ein god måte, dersom det er Guds vilje. Be om visdom til å forstå kva moglegheit, kontaktar og relasjonar vi skal ta tak i, og kva vi skal gje slepp på, avsluttar Frode, idet han er klar for ein ny arbeidsdag i Guinea.

Frå Misjonstidene 03/2022 (etter avtale)

STRYN ENØK AS

TOSHIBA
VARMEPUMPER

Treng du ny varmepumpe?
Eller service på den du har?
Ta kontakt, rask levering til rett pris

Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704
www.senok.no

ISOVATOR
F-GASS CERTIFISERT FORHANDLER

INNVIK FJORDHOTEL
Misjonsheimen



Catering: koldtbord, snittar, kaker m.m.
Fødselsdagar, selskap, møte og kurs.


Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS
6793 Innvik, tlf. 57 87 49 90
E-post: post@innvikfjordhotell.no
www.innvikfjordhotell.no



«Kreativ-konfirmantane med kreativt bibelarbeid og foto.

Ansvarleg for gruppa: Beate Nes





Min salme

- Ottar Aabrekk

Deg å få skode

- 1: Deg å få skode er sæla å nå,
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå,
ver du for tanken min dyraste skatt,
ljuset som strålar ved dag og ved natt!
- 2: Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,
tal du det levande ord med di røyst!
Far, lat meg vere barn her hjå deg.
Kom til meg, Herre, ja bu du i meg!
- 3: Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd,
ver du det merket som syner mitt verd.
Livd for mi sjel, den tryggaste vakt,
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!
- 4: Rikdom og ære som menneske gjev,
er ikkje meir enn den morknande vev.
Du er min arv som varer til sist,
himmelske konge, det veit eg for visst
- 5: Konge i æva, å lat du meg då
sigrande inn i ditt rike få gå!
Ver du mi tru, den vona eg ber
til eg får skode din herlegdom der.

«Deg å få skode», er en irsk salme frå 700-talet. Salmen vart oversett til norsk av Arve Brunvoll i 1978, og vart i 1985 teken med i Norsk Salmebok. Melodien er en irsk folketone.

Utfordringa om å skrive om «min salme» fekk eg vite om to dagar etter gospelkvelden som var i Olden Kyrkje 23.oktober. I bakhaudet surra framleis fleire av dei songane som vart framførde der. Denne «konserten» var ei fantastisk oppleving, og eg håpar vi får fleire slike kveldar i kyrkja. Når eg akkurat no skulle velje ein salme, så vart det nærliggande og velje ein av dei som vart sungne denne kvelden.

Eg kan ikkje seie at eg har ein salme som eg tenkjer er «min salme», med ei spesiell hending eller «aha2-oppleving. Likevel kan nokre salmar knytast opp mot spesielle personlege minne og hendingar, og på den måten ha ein spesiell plass.



Når eg no har valt meg ut «Deg å få skoda», så er det ikkje berre på grunn av at det var ein av dei siste som «gjekk inn øyret». Eg tykkjer den har ein flott melodi, og det passer ekstra godt at den er på nynorsk. Viktigast er likevel innhaldet. Det er eit vitnesbyrd på kva vi trur på og kva haldning vi ynskje å ha i vårt forhold med Gud. Det er bønner til Gud for livet vårt her på jorda og til slutt om å få møtast i Himmelen.

Den omtalte Gospelkvelden vart avslutta med velsignelsen (Tore Aas). Dette var ei mektig oppleving med nyepresten vår, Kaare, i «solistrolla».

På same måten ynskjer eg å avslutte her med «Velsignelsen» :


*Herren velsigne deg og bevare deg,
herren la sitt ansikt lyse over deg
og være deg nådig.
Herren løfte sitt åsyn på deg
og gi deg fred.*

*Han skal gi deg kraft til å leve,
gi håp og framtidstro.
Han har sagt "kom til meg du som strever,
og jeg vil gi deg ro".
Han skal bevare deg fra alt ondt,
gi deg styrke når du er svak.
Tross ditt svik og ditt nederlag
er hans nåde ny hver dag,
Ny hver dag*

*Herren velsigne deg og bevare deg,
herren la sitt ansikt lyse over deg
og være deg nådig.
Herren løfte sitt åsyn på deg
og gi deg fred.*

AMEN

Oddny under open himmel



Gud gav og gjev

av Oddny Torheim

Eit nytt år går mot slutten. Det har vore eit år som har gjeve oss mange tankar og spørsmål.

Koronaviruset som vi har vore redde i to- tre år, roa seg, men så kom den 24. februar med russisk krigsåtak i Ukraina. Sidan den datoen har dagsrevyen gjeve oss bilde og opplysningar frå krigen kvar dag.

Etter å ha sett drepne menneske, såra menneske, hus, heimar og byar i ruinar og folk på flukt har eg sagt til meg sjølv: Vi lever i ei vond verd.

Menneska øydelegg så utrueleg mykje for kvarandre. Tenk om vi levde etter dei to største boda.

1. «Du skal elske Herren din Gud av heile ditt hjarta og av all di makt.

2. Du skal elske nesten din som deg sjølv.»

Mark. 12. 30-31

Då ville det stige opp ei stor takk til Gud, og vi ville dele meir glede med kvarandre.

Vi har også dette året fått oppleve vinter, vår, sommar og haust. Det spirte og vaks, så ut over sommaren og hausten kunne vi hauste inn grøde, mat til menneske og dyr.

I september fekk eg auge på den finaste solsikka eg nokon gong har sett, brun og gul som eit andlet som såg i mot meg. Gud har fantastisk skaparevne. Ei anna oppleving eg hugsar godt, fekk eg ei natt, Eg var inn på kjøkkenet for å henta vassglaset som eg hadde gløymt der om kvelden. Eg såg ut kjøkkenglasets. Då såg eg månen som var nesten full. Han var så stor og så nær, men ved sida av han stod ei stor stjerne på himmelen. Det var den stjerna som var så klår og vakker.

«Ein glans har sola, ein annan har månen, og ein annan stjernene. Den eine stjerna lyser med klårare glans enn den andre.»

Slik står det i 1. Kor.15.41.

I skrivande stund ser eg for meg denne stjerna. I jula syng vi: «Stjerna leidde sant og visst vise menn til Jesus Krist...

Gud gav son sin

Noko meir kunne ikkje Gud gje. Ikkje noko større. Gud er oppteken med å gje, og han er oppteken med å stelle med oss, så vi får bruk for gåvene hans. Mykje av dette forstår vi ikkje i første omgang, men det skal vi skjønne seinare.

På nytt skal juleevangeliet lyde: «I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by.»

Gud gav. Gud gjev også i dag. Gud vere takk for si usei-eleg gåve. Tek vi i mot?

Det heiter så vakkert i ein annan julesong: «Nå vandrer fra hver en verdens krok i ånden frem, et uoverskuelig pilgrimstog mot Betlehem.»

I det første toget var det hyrdingane som gjekk. I dag er det vi som kan slutte oss til vandringa på leit etter Frelsaren.

Barna glade i flokk, kvinner og menn, sjølv gamle tek sin stakk og vert med på vandringa.

I over 2000 år har ulike folk slutta seg til dette mektige toget.

Vegen til Betlehem er også vegen til Golgata, den opne grava, til ei ferdig frelse, fullført for oss.

«For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå for-tapt, men ha evig liv.»

LAT OSS AVSLUTTE ÅRET MED ADVENTS- OG JULEFRED!



Konfirmantar i Hornindal hausten 2022



1. rekke: Ole Marcus Nygård Leite, Sara Øen Leirvik, Iselin Yri Oppheim, Evelina Sætren, Sivert Matvik Lillestøl
 2. rekke: kateketvikar Ingeborg Eikenæs, Ida Seljeset Haugen, Hanne Aanestad Moltumyr, Mathea Haugen, Henrik August Nygård Seljeset, sokneprest Per Kristian Hovden Sætre
 3.rekke: Lukas Olai Lødemel, Jon Peder Alme Brendefur, Rasmus Otterdal Heggen, Tony Kabiru Ngare Løddøen, Mattis Ekblom Lillestøl

Tur til Cape Town og barnehagen Likhwezi

Ein munter gjeng på 13 frå kyrkjestab og speidarleiarar med følge, sette søndag 9.okt. kursen mot Cape Town i Sør-Afrika. Storbyen har fleire gongar blitt kåra til verdas vakreste by, og har eit yrande folkeliv med mange nasjonalitetar og forskjellige kulturar. Lokalt kallar dei byen The Mother City.

Vi var spente og forventningsfulle, og det som gjorde mest inntrykk var townshipen Langa, som var staden der mange av dei svarte vart tvangsflytta under apartheidtida.

Vi var så heldige å ha eigne guidar i dette området, og dei losa oss gjennom gatene i sentrum der vi bl.a. fekk kome inn på det lokale kulturhuset. Vi vart invitert inn på eit trommekurs og fekk sett lokale kunstnarar og moglegheita for å handle på det lokale keramikkverkstaden. Vi var også innom eit museum der det låg per-

sonlege eigendelar, store tavler med bilete og historier frå apartheidtida. Vidare guida dei oss inn i den fattigaste delen av Langa der fekk vi sjå korleis dei budde i skura som var bygd opp av det dei hadde funne. Trangt var det for ein familie på 4, men reint og ryddig var der.



Gudstenesta i fattigstrøket midt i Langa



Her er gjengen utanfor Likhwezi barnehage: Heilt fremst: Bandile frå Langa Safety Patrol. Framme f.v.: Emma Nygård Sæ-tren, Anders Viktor Kvile, Nomonde Tshamlambo, Kari Synnøve Muri, Beate Nes, Odrun Vellene Vevatne og Annette Rogne. Bak f.v.: Ingvild Sætren, Jarle Hes-sevik, Magne Wathne, Henny Kop-pen, Margrete Matvik Lillestøl, Torill Flo Kroken, Knut Sverre Nes.

Emma Sætren og Ander Viktor Kvile hoppar hoppetau saman med born i Langa



Ein glad jentegjeng i Langa.



Skura stod tett i tett, og gatene var trange med mykje søppel, men med ei lokalbefolkning som tok imot oss med blide fjes og ei nysgjerrigheit på kven vi var. Det var godt å sjå at borna var glade og hadde det kjekt og leika i gatene. Dei bada i stampane som dei sikkert brukte til klesvask, for denne dagen var ein av dei heitaste dagane medan vi var i Sør-Afrika. På rusleturen kom vi over eit skur som vi titta innom og det viste seg å vere ei lokal kyrkje. Vi vart tatt varmt i mot og fekk dele tru gjennom song og velsigning. Litt av ei oppleving å få syngje allsong på Xhosa midt i fattigaste Langa. Ein ungdomsgjeng stod på eit hjørne og jamma rytmisk og laga liv, ein jentegjeng stod og lurte på kven vi var og kniste når dei fekk vere med på selfie og bilde. Guidane fortalde oss litt om kvardagslivet i Langa der det er mykje alkoholmisbruk. Vi åt lunsj/middag med rytmiske tonar frå marimbakonserten på den lokale restauranten Lelapa.

Barnehageborna underheldt oss med sang og musikk

I Langa fekk vi også besøke Nomonde og alle borna i Likhwezi barnehage, som Stryn blandakor har eit nært forhold til, og nok mange andre stryningar også. Før reisa kom mange med kle, pengegåver og leiker som vi delte ut til barnehagen, som har plass til ca 80 born samt fleire tilsette. Veldig interessant å få eit innblikk i deira kvardag. Vi vart delt inn i 3 grupper der vi fekk leike, syngje og kose med dei livsglade borna som tykte at dette var stor stas, men stasen var vel kanskje størst





Nomonde og Beate og heimestrikka klede som var med frå Norge

frå vår side. Vi rusla oss også bort på det lokale biblioteket, hand i hand med dei små borna, der det vart lest ei forteljing på Xhosa. Det er godt å vite at nokre av borna i Langa får ein god start på livet og at framtida kan bli god. Nomonde som er dagleg leiar og driv Likhwezi, fortalde at kvar dag kjem det fortvilte mødre innom med håp om å få ein plass til barnet sitt, nokon av dei er til og med tenåringsmødre. Nomonde bad oss ta med ei stor takk til Stryn Blandakor som stiller opp og støttar barnehagen.

Søndag starta vi med å gå i ei gudsteneste i den presbyterianske kyrkja som Henny og Jarle har vore i gudsteneste kvar gong dei har vore i Cape Town. Kyrkjelyden ynskte dei varmt velkomen tilbake, og gleda var gjensidig. Vi fekk oppleve ei skikkeleg afrikansk gudsteneste som er noko meir høglytt i forhold til kva vi er vant med her heime. Dei song av full hals, spela på det dei hadde av instrument og dansa, så for oss var det ei oppleving å berre få delta, klappe, jamme og danse med. Gjestfriheita var stor og dei ville vi skulle syngje for dei. Vi hadde øvd inn nokre norske songar samt ein afrikansk song på det lokale språket Xhosa, og enda opp med allsong her også. Etter gudstenesta bar det tilbake til Nomonde, mannen hennar og dei tre gutane, to som tenåringer. Ektemannen hadde bursdag

denne dagen, og både vi, vennar og naboar fekk servert afrikansk buffé. Lokale musikarar stilte opp med orgel, trommer og gitar til vår eigen organist Anders si glede. Han fekk spele saman med dei til stor glede for alle. Bandet spelte ekte Cape-jazz so det ljoma langt ut i gatene - på ekte afrikansk vis.

I Cape Town budde vi på IKhaya Lodge som ligg i den gamle delen av byen, og vi spaserte derifrå gjennom Companys Garden og ned til st. Georges Cathedral og Green Market Square, eit marked med mykje spennande afrikansk handverk. Vidare var vi innom Mocca-galleriet på seks etasjar som tidlegare var ein stor silo, Bo-Kaap, Table Mountain i strålende solskinn og Kirstenborsch botaniske hage som er den største i Afrika, med Protea-blomen i full blomst.

Robben Island, var der Nelson Mandela sat fengsla på ei celle på fem kvadrat, kun utstyrt med ei madrass, ullteppe, dobøtte, kopp, skål og krakk, og dette gjorde sterkt inntrykk. På den mest stormfulle dagen køyrde vi ut på Cape Point der Atlanterhavet og Det Indiske hav møtast, staden der Bartolomeu Diaz trudde han hadde passert sørspissen av Afrika. Der fekk vi tatt gruppebilde ved Kapp det Gode Håp i full storm. På turen håpte vi å få sjå bavianar, men dei hadde gøymt seg i det stygge vêret. Elles var vi innom ein strutsefarm og Boulders Beach med hundretals pingvinar.

På ein av restaurantane i Cape Town var vi samla ca 200 personar, der alle fekk utdelt afrikanske trommer til å spele på gjennom veiledning av husets orkester. Du verden for eit trommeorkester vi var, og for ei oppleving. Maten generelt er heilt fantastisk i dette området av Sør-Afrika.

Elles vil vi takke Henny og Jarle for at vi fekk mogleheita til å vere med på ein slik opplevelsesrik og fantastisk tur, der dei losa oss trygt gjennom eit byområde med høg kriminalitet.

Helsing Margrete og Torill, på vegne av den heldige gjengen.
(Tekst og foto)



På Kapp det Gode Håp



Plakat på veggen seier «Takk!»

Påfyll

søndagsskule for vaksne

Tekst og foto:
Geir-Ståle Vatnamo

«Påfyll»-kvelden vart ein god sosial og uformell kveld, der ein kunne ha det litt moro, dele Guds ord og avslutte med lyttening, forbøn og velsigning. Vi kunne faktisk gå heim med litt meir «Påfyll» enn då vi kom.

Tidleg i haust annonserte Kyrkjekontoret i avisa at no skal dei til med noko nytt: Nemleg eit arrangement med tittelen «Påfyll», med undertittelen «Søndagsskule for vaksne».

Den nye presten vår Kaare Michael Christoffersen og Beate Nes introduserte allereie første kvelden at her vart det alvor og skjemt. Mykje alvor og mykje moro! Og slik vart det.

Første kvelden starta Beate Nes framstilling av den første trusartikkelen, der Gud, vår Far var hovudtema. Temaet har stor djupne og vart framlagt systematisk og svært innhaldsrikt.

Kåre prest inviterte oss til konkurranse der vi skulle leite fram «ting og tang». Her galdt det om å vere første mann til mølla. Konkurransen skapte engasjement, liv og røre og god trim. Etter kvart fekk vi interessante oppgåver ved borda. Inni mellom kunne vi forsyne oss med te, kaffi og kaker.

*Konsentrasjon om bordkonkurranse med bibelvers.
Frå v.: Sigrun Berge Raae, Ragnhild Roset, Henny Koppen og Anders Victor Kvile.*

Tysdag nr 2 snakka Hege Høibye om den store og viktige boka: Bibelen. Interessant tema. Skulle ho kome til botnar i både Det gamle testamente, evangelia og alle breva i Nytestamentet, sa ho at ho måtte halde på i fleire veker. Men Hege presenterte Bibelen på ein lettfatteleg og god måte. Kvelden blei ein skikkeleg søndagsskule for vaksne.

«Påfyll» 3. kvelden i Betania tok sokneprest Henny Koppen føre seg Jesu liv. Også det er eit omfattande tema som det tek lang tid å bli ferdig med. Men Henny la bodskapen fram med ei enkel og kronologisk framstilling. Det var interessant å sjå Jesus si utvikling frå han var 12 år i tempelet til han i vaksen alder var i full teneste for sin Far i himmelen. Her brukte Henny illustrasjonar på Powerpoint.

Kort sagt: Understeikna meiner at «Påfyll» bør halde fram også på nyåret!

Eller skulle vi fylle på med «julebord» før året er omme?



Datoar og tema for våren 2023

Betania kl 20.00

- 31. januar: Boda – kvar går grensa?
- 28. februar: Vondskap, død, håp og trøst
- 28. mars: Den heilage Ande
- 25. april: Dåp og Nattverd

Konfirmantfestivalen Tekst og foto: Beate Nes

300 konfirmantar samla til konfirmantfestival i operahuset

Laurdag 22. oktober var konfirmantane frå Nordfjord og Vanylven samla til konfirmantfestival i operahuset. Festivalen er eit samarbeid mellom dei lokale kyrkjelydane, Sogn og fjordane KFUK- KFUM, og Bjørgvin bispedøme. Ein kjekk dag!

I tillegg til konfirmantar, tilsette og foreldre, var der ein god gjeng med fjordårskonfirmantar med som ungdoms- crew. Dei hadde samling med overnatting frå fredag til laurdag, og fylte mange viktige oppgåver gjennom heile laurdagen.

Det var fellessamling i Operasalen, med Saman Teamet frå Bergen og Farnenprest Thor Haavik.

Aktivitetsøkt med ca 20 aktivitetar å velje mellom

Frisbee golf, svømmehallen, dans, friluftsliv, teikning, hesteskokasting, ultimate frisbee fotball, klatring, SportY, Røde Kors, kano, Taekwondo, kreativ verkstad, FIFA, band, solist, re-design mm.



Etter aktivitetssøkta var det Globalløp.
Kva er eit Globalløp spør du kanskje?



Globalløp er eit sponsorløp der deltakarane skaffar sponsorar som støttar innsatsen til den som deltek. Sponsoren kan bidra med eit fast beløp eller eit beløp per runde deltakaren gjennomfører. På 30 min samla konfirmantane inn over 30000 kr til skule for barn med funksjonsnedsetjing i alderen 8-18 år i Jar-Ela på Sri Lanka.



Heile dagen vart avslutta med gudsteneste i operasalen der bl.a. dei som hadde valt dans og band/solo som aktivitet fekk opptre.

Snart konfirmasjon

Fyrst i mai feirar vi konfirmasjon for ei stor gruppe ungdommar, som akkurat no får opplæring i kristen tru og lære. Frå kyrkjekontoret si side har vi lagt til rette for at foreldra kan fylgje tett med på det ungdommane deira lærer og opplever. Foreldra har oppgåver, men der er også tilbod som er heilt gratis. Gudstenestene må nemnast særskilt. Det er meininga at foreldra skal delta her saman med konfirmantane. Her vil dei få innblikk i salmane vi brukar, dei liturgiske ledda som skal lesast og syngast, og dei får fylgje med på tekstar og forkyning som er nær knytt opp til kyrkjeåret. For det

andre har vi undervisning for vaksne parallelt med konfirmantundervisninga. Påfyll – søndagsskule for vaksne er eit tiltak der vaksne får gå gjennom same temaet som ungdommane same veka går gjennom på konfirmanttimen. Vi oppfordrar foreldra veldig sterkt til å fylgje ungdommane sine gjennom konfirmantåret og sluttar oss til det «alle andre» seier om dette: Fylg med på det dei unge held på med, lær saman med dei, då har de alltid noko å snakke med dei om.

«Konfirmant-året» er også foreldra sitt år. Vel møtt i kyrkja.

Nytt og viktig ungdomstilbod: Nattkafé på Triangelen



*Det lyser frå vindauga i Triangelen ein fredagskveld.
Inne er det liv og røre.*

Foto: Ingeborg Koppen Hesdevik

I desse dagar er det eitt år sidan Stryn KFUK-KFUM og Nedstryn sokneråd opna nattkafé i det ærverdige huset i sentrum som «Bella» og «Odda» donerte til Borg-stiftinga for ein god del år sidan.

Huset er base for ulike former for frivillig arbeid, innretta både mot yngre og eldre, og også no ei felles-satsing frå Nedstryn sokneråd og KM i Stryn. Tiltaket er eit resultat av eit samarbeid mellom bispedømmet og KFUK-KFUM-krinsen, der det er sett av prosjektmidlar til ungdomstiltak i Nordfjord. Ingeborg Koppen Hesdevik har ei prosjektstilling som dekkjer m.a. Stryn.

«Logoen» vår



Kva er ein «Nattkafé»?

I leigeavtalen som vi har med «Telegrafan ungdoms-kafé» står at formålet er eit samarbeid for

- at ungdom i Stryn skal ha ein open og uformell møte-plass
- auka aktiviteten i huset
- ein kjent og trygg base for ungdom

Utleigar skriv i avtalen: «Ved å inngå avtalen vil vi saman bidra til å gje ungdom ein kjekk, inkluderande plass å vere».

Nattkaféen er for ungdomsskuleelevar og er open annakvar fredag frå kl. 21.30 til 23.30. Vi som har stått i arbeidet dette året, er overtydde om at vi nettopp klarar å vere denne opne og inkluderande samlingsstaden for ungdom, ikkje berre frå sentrum, men også Oppstryn, Nordsida og Loen/Olden.

Vi samarbeider med «Open Hall», eit tiltak i Strynehallen som Frisklivssentralen står for. Når dei stenger for kvelden, opnar vi dørene. I dette første året har oppmøtet vore svært godt, mellom 40 og 60 ungdommar, - altså «fullt hus».

Vi servere alltid litt mat - sveler, pizza, gryterett, muffins etc. og tilbodet er heilt gratis.

Vi har alltid ein eller annan aktivitet ca. kl 22. Det har vore bordkonkurranse, kahoot, spelekveld, musikkquiz og allsang med Anders organist, - og til jul skal vi synge julesongar.

Det er ofte støyande musikk, men vi satsar også på å kunne ha ein prat med ungdommane. Dei tilsette ved kyrkjekontoret legg vekt på å treffe konfirmantane i ein meir uformell samanheng - og å halde kontakt med fjorårskonfirmantar. Trusopplæringa vil også enkelte «ledige» fredagar ha arrangement i Betania der ein har høve til å ha klarare forkynnande aktivitet.

Ei lita gruppe vaksne har hovudansvar for tilbodet, men det er ein føresetnad at ungdommane sjølve skal involverast i planlegg og gjennomføring av ulike aktivitetar. I tillegg har vi ei stadig veksande gruppe av vaksne, - foreldre, soknerådsmedlemmer, besteforeldre og andre støttespelarar som gjerne er med på ein eller to fredagar i halvåret. Det er vi svært takksame for.

Eit livssynsoppe tilbod

Stiftinga «Telegrafan ungdomskafé» vart stifta i 2002 og Stryn KFUK-KFUM er ein av organisasjonane som står bak stiftinga. På den tid brukte ein av og til «verdinøytral» for å sikre seg at ein ikkje ga førerrett til enkelte verdisyn og religiøs aktivitet.

«Livssynsnøytralt» har også vore nytta som begrep.

I nyare tid har diskusjonen om slike begrep endra seg til å opne opp samfunnet som eit alternativ til å innsnevre. Difor tok Stålsettutvalet i bruk eit nytt begrep: «Livssynsoppe samfunn» i 2013, i førearbeidet til den nye lova om tru og livssynspolitikken i Norge.

For oss på nattkafeen betyr det å legge vekt på mangfald og likeverd. Det betyr at vårt fokus er på det diakonale, at ungdom, uansett livssyn og bakgrunn skal finne seg til rette i vårt tilbod. Det er såleis ikkje vanskeleg for oss å stille oss bak Telegrafan Ungdomskafé sine mål:

§ 3. Målsetting

- Gje ungdom ein trygg stad å vere, der dei kan utvikle sosiale relasjonar på tvers
- av interesser, bakgrunn og nasjonalitet
- Stimulere til gode fritidsaktivitetar
- Utsetting av debut for bruk av alkohol
- Motarbeide bruk av narkotika
- Normalisere rusfri livsstil.

Vi ønskjer vaksne medarbeidarar som vil å vere med på å utgjere ein forskjell for denne gruppa ungdommar i Stryn, så her er det berre å melde seg.



Tekst og foto: Jarle Hessevik

(Ungdommane har godkjent at bilda vert brukte i Kyrkjeklokka)



NATT KAFFE

Triangelen

4. NOVEMBER
Etter Open hall
kl. 21.30-23.30

1 ÅR

Mat: Sveler og
**BURSDAGS-
KAKE**

Aktivitet kl 22:
Kahoot

Kyrkjelydsstova i Hornindal

I Grobygget ved Hornindalsvatnet har den nye Kyrkjelydsstova byrja å ta form.

Med ein kombinasjon av betalt arbeidskraft og dugnad har det i løpet av sommar og haust vorte gjort eit godt stykke arbeid.

Om alt går etter planen, vonar vi å kunne invitere til aktivitet på stova til adventstida.

På eine bilete er Anett Mari Bugjerde i sving med å måle lister.

Bilda er teke av May-Helen Lødemel Flaten

*Christine Helgesen Haugen,
Soknerådsleiar i Hornindal.*



Hjelmeland

BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt byrå i Nordfjord sidan 1978

**Vi er her når du treng oss som mest,
og hjelper deg med å lage ei personleg,
fin og verdig gravferd.**

Slik som du ynskjer.

Tlf. 905 50 905

Sjå vår nye heimeside: www.hjelmeland.as

JULEKONSERT I NEDSTRYN KYRKJE

Laurdag 10. desember Kl. 20.00



Anita Gjørven (på vokal), som vi kjenner frå vår eiga bygd, kjem saman med ein kvartett og inviterer til det dei sjølve kallar «ei musikalsk reise ut i verda og trygt heim til jul».

Balkansk folkemusikk, blues, funk, jazz, improvisasjon og visemusikk finn saman på finurleg vis og gir versjonar av tradisjonelle julesalmar vi ikkje har høyrte før.

Bill. kan kjøpast på hoopla.no eller ved inngangen: Pris 200 kr. Barn 0-15 år gratis

Fjordferd
BEGRAVELSESBYRÅ
STRYN • VOLDA • STAD



Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. **458 50 300**

- Vi er her for deg når du treng oss -
Siv-Carina Vikestad - Silje Svarstad

Gravminne

Namne-
tilføyingar

Oppfrisking



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå



Vi les Bibelen saman!

Bibelen er ein skatt!

Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen presenterer Kyrkjeklokka nokre av dei kjende bibelhistoriene. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

ved Beate Nes

Gjetarane

Det var ein av desse kalde, rolege kveldane. Gjetarane som var ute på markene for å passe sauane, satt rundt bålet, då himmelen plutselig lyste opp.

Der, forran dei sto ein engel frå Herren og eit lys stråla omkring dei.

Aldri før hadde gjetarane vore så redde, det skal tross alt litt til å skremme gjetarar. Men no var dei overvelda av redsle.

Då sa engelen til dei: **«Ver ikkje redde! Høyr, eg kjem til dykk med godt nytt. Det er ei glede for heile**

folket. Han som skal berga dykk, er fødd i dag!

Han er Kristus, den som Gud har salva. Han er Herren. No er han fødd her i Davids by. Om de går inn i byen, finn de han, sveipt i eit teppe og lagt i ei krubbe, i høyet til dyra.»

Gjetarane såg på kvarandre. Kristus, fødd her hos oss, no??

Men før dei rakk å seie noko var himmelen full av ein stor hær frå himmelen, som stod saman med engelen og song:

**«Ære til Gud i det høgste
og fred på jorda blant menneske
som Gud har glede i.»**

Så var englane borte igjen. Dei drog attende til himmelen. Då sa gjetarane til kvarandre: **«Vi dreg inn til Betlehem. Vi vil sjå det Herren har fortalt oss.»**

Gjetarane skunda seg inn i byen, og der fann dei Maria og Josef og det vesle barnet. Barnet låg i krubba, i høyet til dyra. Gjetarane fekk komme inn å sjå det.

Så byrja dei å fortelja kva dei hadde høyrte. Dei fortalte alt som engelen hadde sagt om dette barnet. Alle som var der, høyrde på. Og dei undra seg over det gjetarane fortalte.

Men Maria tok vare på det dei sa. Ho tenkte lenge og grundig på det i hjartet sitt.

Då gjetarane gjekk der i frå bobla dei over av glede og prata i munnen på kvarandre. Dette måtte dei fortelje til alle dei møtte.

(Frå Lukasevangeliet kap.2)



Nokre moment til samtale og ei oppmoding til å gjere noko saman.

- Kvifor trur du det var akkurat gjetarane som fekk besøk av englane denne dagen?
- Gjetarane fortalte vidare det dei hadde sett og opplevd. Og denne fortellinga er blitt fortalt vidare i over 2000 år. Kan vi vere med å fortelje den vidare til nokon?
- Kanskje kan de invitere nokon på filmkveld og sjå ein julefilm, lage juleverkstad, teikne det som skjedde den kvelden, og bruke teikninga som julekort?



BARNAS

Finn 10 navn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?

Å	F	J	O	D	E	L	I	J	O
U	B	E	T	L	E	H	E	M	A
M	E	S	S	I	A	S	N	A	U
U	L	U	I	G	U	G	G	R	G
J	O	S	E	F	F	J	E	I	U
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	S
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	T
S	M	A	K	K	I	A	L	F	U
I	P	S	I	D	U	R	K	I	S
K	R	U	B	B	E	A	Y	V	I
I	R	A	B	A	B	R	A	B	Ø

Finn fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Asbjørn Tønnesen




Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg!






Slekt
skal følge
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene (14.08 - 10.11.) (Hornindal, frå 05.06.)

Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Nedstryn - Loen - Oppstryn

Loen	Hornindal	Nedstryn
Døyppte: 02.10. Erlend Vedå Tisthamar. For. Linn Monica Vedå og Stig Tisthamar 30.10. Synne Olsbø-Taklo. For. Marie Kristin Taklo og Christoffer Olsbø 30.10. Kaia Lunde Kopal. For. Marte Lunde og Gabriel Kopal 30.10. Sofia Aa Bakkebø. For. Solveig Aa Bakkebø og Nicolas Oppheim Bakkebø 30.10. Leah Nesdal. For. Sunniva Gjengedal og Vlad Nesdal Døde: 18.08. Idun Solheim f. 1931	Døyppte: 05.06. Aslak Lunde Kongsvik. For. Elisabet Tynes Lunde og Eivind Kongsvik 26.06. Elea-Octavia Johnsen Walk-off. For. Rebecca Eiléen og Erling-Mikal Johnsen Walkoff 26.06. Sigrid Kobberstad Haugen. For. Lina Rebekka Kobberstad og Kristoffer Haugen 26.06. Patrick Heggen Humborstad. For. Nathalie Heggen og Jim Tore Humborstad 07.08. Martin Græsdal. For. Elida Kanutte Græsdal 28.08. Emilie Raftevold Fjellvang. For. Siri Lunde Raftevold og Tormod Andre Fjellvang. 02.10. Synne og Rasmus Standal. For. Britt Lunde Raftevold og Even Bjerkhagen Standal Døde: 15.06. John Anfinn Grodås f. 1930 07.08. Randi Lillestøl f. 1942 29.08. Kari Ruth Nyhammer f. 1941 27.09. Oddrun Laila Lillestøl f. 1941	Døyppte: 04.09. Marie Berge. For. Kristine Tonning og Sigurd Olai Løvang Berge 04.09. Casper Rekdal Foldal. For. Marita Rekdal og Egil Ytrestøyl Foldal 25.09. Even Kveum Svarstad. For. Hege Mork Kveum og Steffen Svarstad 25.09. Mathea Tungevåg. For. Jenny Maria Sjøstad Tungevåg og William Tungevåg 25.09. Henrik Skår Gundersen. For. Hildegunn Skår og Markus Holen Gundersen 16.10. Victoria Flo. For. Reidun Aven og Martin Flo 16.10. Anna Tomasgard Dvergsdal. For. Elise Virginia Alejandra Tomasgard og Eystein Storevik Dvergsdal Døde: 19.09. Gyda Bøe f. 1928 03.10. Alojyz Wolczek f. 1946
Olden	Utvik	Innvik
Døde: 14.08. Rolf Ingvald Vangberg f. 1923 30.08. Dagfrid Aslaug Eide Andersen f. 1925 22.09. Anna Melheim Bakken f. 1934	Døyppte: 18.09. Alfred Hauge Tisthamar. For. Marita Heggdal Hauge og Jon Jørgen Tisthamar Vigde: 03.09. Bente Bjanen og Lidvin Olav Hage Døde 13.08. Anders Ingolv Verlo f. 1938 20.09. Lidvin Bungum f. 1933	Vigde: 01.10. Lene Skåden Drageset og Even Eikenes Hestenes
Oppstryn	Nedstryn	Randabygd
Døyppte: 10.09. Marie Måkestad Åsebø. For. May-Linn Måkestad og Andreas Åsebø 23.10. Laura Elvine Bolset. For. Silje Skåre Vilhelmsen og Jon Bolset Døde: 22.08. Bjørn Bolstad f. 1960	Vigde: 03.09. Inger-Anne Hopland og Rune Hole Døde: 01.11. Marta B. Hopland f. 1924	Nordsida Ingen meldingar



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på Facebook: **Kyrkja i Indre Nordfjord**

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

27. november; 1. s i advent

Matt 21, 1-11

- Nedstryn 11:00 LysVaken-gudsteneste
- Utvik 11:00 LysVaken-gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste

04. desember; 2. s i advent

Joh 14, 1-4

- Olden 11:00 Gudsteneste
- Randabygd 12:00. Gudsteneste og basar
Rand grendahus,

07. Desember; onsdag

- Hornindal kl 15:00 Julekonsert

10. Desember; laurdag

- Oppstryn 11:00 Dåps-gudsteneste.

11. desember; 3. s i advent

Matt 11, 2-11

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Utvik 16:00 Julekonsert
- Loen 18:00 Julekonsert
- Innvik 18:00 Julekonsert
- Hornindal 19:00 Lysmesse med
konfirmantane

15. desember; torsdag

- Oppstryn 20:00 Julekonsert

18. desember; 4. s i advent

Luk 1, 46-55

- Ljosheim kapell 11:00 Førjulsgudst.
- Olden 16:00 Julekonsert
- Nedstryn 19:00 Julekonsert

24. desember; julaften

Luk 2, 1-20

- Oppstryn 12:00 Julegudsteneste
- Randabygd 13:00 Julegudsteneste
- Loen 14:00 Julegudsteneste og konsert
- Olden 14:00 Julegudsteneste
- Nordsida 15:00 Julegudsteneste
- Innvik 16:00 Julegudsteneste
- Utvik 16:00 lek gudsteneste
- Nedstryn 16:15 Julegudsteneste

25. desember; Juledag

Joh 1, 1-14

- Nedstryn 08:00 Juleotte
- Olden 12:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 12:00 Høgtidsgudsteneste
- Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste

26. desember; 2. juledag

Matt 2, 16-23

- Betania, Stryn 11:00 Gudsteneste med
juletrengang
- Nordsida 12:00 Høgtidsgudsteneste

31. desember; nyårsaften

- Hornindal 12:00 Nyttårgudsteneste

2023

01. januar; nyårsdag

Luk 2, 21

- Nedstryn 12:00 Fredsgudsteneste
- Utvik 12:00 Gudsteneste

08. januar; Kristi openberringsdag

Matt 2, 1-12

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste

15. januar; 2. s i openberringstida

Matt 3, 13-17

- Nedstryn 11:00 Speidargudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste

22. januar; 3. s i openberringstida

Joh 2, 1-11

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Loen 15:00 Gudsteneste og Årsmøtefest
Loen bygdehus

29. januar; 4. s i openberringstida

Luk 18,35-43

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Kyrkjehelg
- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste

03. februar; fredag

- Betania, Stryn 20:00 Ung messe

05. februar; Såmannssøndag

Luk 8, 4-15

- Olden 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste

12. februar; Kristi forklarelsesdag

Matt 17, 1-9

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
Tårnagent, karneval
- Utvik 11:00 Gudsteneste

19. februar; Fastelavnssøndag

Joh 17, 20-26

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste, karneval
- Hornindal 19:00 Kveldsgudsteneste

26. februar; 1. s i fastetida

Matt 4, 1-11

- Loen 11:00 Gudsteneste
- Innvik 11:00 Gudsteneste

05. mars; 2. s i fastetida

Matt 15, 21-28

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Oppstryn 20:00 Syng med oss

12. mars; 3. s i fastetida

Luk 11, 14-28

- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste.
Bispevisitas

18. mars; laurdag

- Olden 16:00 Ung messe

19. mars; 4. s i fastetida

Joh 11, 45-53

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Nedstryn kl 11 Gudsteneste

26. mars; Maria bodskapsdag

Luk 1, 26-38

- Loen 11:00 Gudsteneste.
Tårnagent, Loen og Olden
- Hornindal 11:00 Gudsteneste
- Nedstryn 19:00 Salmekveld
- Randabygd 11:00 Gudsteneste





Informasjon/ Full distribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden

Nådens evangelium mot kyrkjeårets slutt

November er månaden der kyrkjeåret blir avslutta med påminning om Alvoret og dødsdimensjonens stadi-ge nærvær i våre liv. Ein dag skal vi løysast frå alt. Vi skal kjenne dødens luft under vengene og bli mildare og vil-lare enn her, skriv Tomas Tranströmer i sitt dikt etter mi frie omsetting.

Eg møter mange menneske som lev med ei stadig kjensle av å ikkje strekkje til. Joel Halldorf skreiv det i ein kronikk i vårt land tidlegare i år: *Dei etiske ideala til dei tradisjonelle religionane lev vidare, men ikkje ord-ninga for vedkjenning og forlating. Skam er fantom-smerter frå nåden som forsvann.*

Mange av oss lever med frykt for å ikkje strekke til som menneske. Som ein stadig uro gjennom livet - det å ikkje klare å leve opp til eigne eller andre sine forvent-ningar er eit gjenkommande tema i samtaler eg har i tenesta mi. Som prest høyrer eg så ofte denne mum-linga frå menneskes bryst. Ein klang som dannar samti-das grunntone: Om du ikkje lukkast eller er framgangs-rik, om du ikkje kan nytte deg av livets alle høve til pres-tasjon og relasjon, då kan du risikere å bli diskvalifisert. Frå arbeidet og dei sosiale relasjonane - og kanskje også sjølve livet. Når barn og ungdom skal vekse opp i eit samfunn med etiske ideal, men manglar ordningar for forlating og vedkjenning av synder, då flagrar om-grep som nåde gjennom lufta utan korkje retning eller feste.

Når eg les likninga om dei ti jomfruene tenker eg ofte på korleis denne fortellinga landar i oss menneske i dag. Likninga handlar om ti jomfruer som venter på å få møte sin brudgom med lys i oljelampen som ei vel-komsthelsing. Halvparten av dei ti har ordna med full lystenning. Dei har lampene klare og har dessutan nok olje som brensel. Den andre halvparten av jomfruene har berre velkomstlampen klar. Når brudgommen til slutt kjem, er dei ikkje til stades for å ta imot han fordi

Helsing frå prost Mari Saltkjel

dei leiter etter olje
ein annan stad.

Ei vanleg tolking
av teksten er at dei
fem jomfruene

misser det etterlengta møtet med brudgommen fordi dei har slurva med førebuinga. Prestasjonen deira strek-ker ikkje til, deira ugjennomtenkte strategi fører til at dei diskvalifiserer seg før det etterlengta møtet. Akkurat slik som mange av oss tenker at livet så ofte er. Men om vi les fortellinga ut frå salme 139, les vi ut frå trua på ein Gud som ikkje slepp taket på nokon av oss i livet eller i døden. Ikkje ein gang om vi dreg mørke og død over oss sjølve, vil Gud sleppe taket på sine.

Slik kan også nådens evangelium handle om at vi allereie har det vi treng som menneske for å møte Kris-tus i våre liv. Problemet med dei fem jomfruene er ikkje at dei er utan olje i lampene sine. Det problematiske er at dei ikkje innser at dei har høve til å møte den dei har kjær med tomme hender. Midt i all uro for å ikkje strek-ke til eller vere korrekt misser dei møtet med den brud-gom som er mildare og villare enn dei klarar å førestille seg.



Neste nummer får du i posten rundt 30.03. Redaktør vert: Knut Sigurd Gald
Vi tek svært gjerne imot stoff på e-post til: knut.gald@eninvest.net innan 24.02.